



Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2462 - 19/26624

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

06.09.2019

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense gbnr 65/18 Myksvoll nedre

**Tiltak:** Omlegging av privat veg – Titlandsvegen 96  
**Byggjestad:** GBNR 65/18  
**Tiltakshavar:** Kjetil og Anette Wassberg  
**Ansvarleg søker:** Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for omlegging av privat veg i samband med riving av fritidsbustad og bygging av ny bustad.


Saksutgreiing:

### Informasjon om saka:

Eigedom er ei fritidseigedom der fritidsbustad er falleferdig. Eigar søker kommunen om å få rive fritidsbustaden for å bygge bustad. I samband med dette er det ønskelig å flytte vegtrasè slik at avstand til bustad vert 4,0 meter.

### Vurdering:

Eksisterande fritidsbustad ligg kloss i den private vegen. Det er ei fordel av veg vert lagt om slik at den ikkje ligg kloss i bustad. Vegavdelinga ser at den private vegen er bygd opp med ei støttemur. Dette er ei gammal mur som er oppsprekt og det veks tre ut i frå sprekker. Tiltakshavar må få undersøkt med entreprenør om eksisterande støttemur vil tåle ei omlegging av vegen. Vi gjer merksam på at støttemur er ikkje kommunalt ansvar.



### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune ved Teknisk drift dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for omlegging av veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ny vegtrasé og midt kommunal veg skal være 14,0 meter (som omsøkt).
- Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg føreset at eksisterande støttemur til privat veg tåler omlegging av vegen. Tiltakshavar må undersøke med entreprenør om støttemur vil tåle at vegen vert lagt om.
- Støttemur er ein del av den private vegen. Lindås kommune har ikkje ansvar for støttemuren.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak som er etablert i byggegrense mot veg, er dette kommunen utedokumentert. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader.

Vedtaket gir berre løyve til å plassere tiltak innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

***Vi gjer merksam at det må sendast inn søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle. Det er krav om innsending av søknad når ein endrer status på eigedom (fritidseigedom til bustadeigedom). Krav om søknad gjeld også når eksisterande fritidsbustad skal rivast og erstattast av nytt bygg. Med søknad skal det leggast ved situasjonskart som viser svingradius og siktsoner.***

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. Veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker jf. fvl. § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er gått ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtak, og kva endingar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anette Wassberg	Titlandsvegen 85	5912	SEIM
Kjetil Wassberg	Titlandsvegen 85	5912	SEIM
Lindås kommune ved bygesak			

**Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------